



Til deg som har fått opptak til bachelor i Landskapsplanlegging med landskapsarkitekturfag.

Undervisninga startar allereie første veka med faglege gjennomgangar og ekskursjonar ut i eit utval naturtypar. I løpet av dei første dagane og vekene etter semesterstart oppsøker vi kulturlandskap, skog, urbant landskap, myr, fjell og lærer å kjenne att plantar. Då er det viktig at du er utstyrt til å vere ute i all slags vær.

Utstyrliste:

- **Regntøy**
- **Skikkeleg fottøy**
- **Varme klede (ullundertøy, lue osv)**
- **Liten dagstursekk**
- **Dersom du har tegnesaker og fargeblyantar, så ta det med**

Fleire spørsmål ?

Ikkje nøl, du kan ringe eller sende e-post til Liv Norunn Hamre som er studieprogramansvarleg for Landskapsplanlegging med landskapsarkitekturfag. Ho svarar gjerne på spørsmål om du lurar på noko om studiet i løpet av sommaren og fram mot studiestart 10.august.

Kontaktinformasjon: liv.hamre@hvl.no / mobil 97571684

Velkommen til Sogndal og bachelorstudiet i Landskapsplanlegging med landskapsarkitekturfag.

Me gler oss til å møta deg !